## Halvårsplan vinter-vår -99

| Arrangement | Dato | Måned | Ansvarleg |
|---|---|---|---|
| Frelsesarmeen-konsert | 17. | april | Terje |
| Arne Torskangerpoll-konsert | 24. | april | Johan W. kallar saman |
| Gatespeling Måløy - kakelotteri | 15. | mai | Lotteriansvarlig – leiar |
| 17. mai | 17. | mai | Styret |
| Korpstur | 29. 30. | mai | Johan W. |
| Hagekonsert | 11. | juni | Styret |
| Øvingshelg | 11.12.13. | juni | Formann |
| Jonsokafta | 23. | juni | Styret |
| Midstommarfest | 3. | juli | Terje, Sølvi, Johanne |

## Bli medlem og abonent

Denne utgåva av Vredens Gnag går til alle husstandar i Vestre Krets. Vil du vere passiv støttemedlem, og få denne avisa ein gong i månaden, betalar du inn vedlagt giro. Hugs å skriv namnet ditt på giroen. Prien er 100 kroner fram til mars neste år. I dag går avisa til 130 abonentar. Sjølv om korpsdrifta pregar innhaldet, så er her plass til mykje anna.

## Nytt styre

Torskangerpoll Musikklag har hatt årsmøte, og blir styrt slik.

| | |
|---|---|
| Terje Våge | : Formann / instr.forv. |
| Johan Wåge | : Styremedlem |
| John Svarstad | : Kass. – bordforvaltar |
| Erling Wåge | : Sekretær – PR |
| Tove Nerland | : Styrel. / lotteriansv. |
| Anne Mari Knotten | : 1. vara – husansvarlig |
| Jan M.Færestrand | : 2. vara – uniform |
| Noteutval | : Dirigent, Johan Wåge Roar Ståle V |
| Revisorar | : Marianne Lund, Kåre Våge |
| Valnemd | : Johanne Velle, Bjarte Færestrand, John Inge Våge |

## Tipp og vinn

Kva fekk Arne Ø. servert på kafe i Stryn?

Send svaret til:

***Vredens Gnag***

Vågsvåg
6700 MÅLØY

## Rett svar sist

Har Johan Wåge vore dirigent nokon gong?
Svar:

**<u>Ja</u>**

Vinnar:
Anders Færestrand
6700 MÅLØY



Påska -99

# Vredens Gnag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 3 6.. årgang Laussal: Gratis mars 1999

# Bomba i Bergen!




**Vi reiste til Bergen for å sjå, lære og oppleve, og hadde ikkje ein einaste tanke om god plassering. Men då bomba vart detonert i ein stappfull Grieghall med 3.000 korpsinteresserte i salen, og debutanten Torskangerpoll Musikklag vart kåra til Norgesmeister i 3. divisjon brass, var det få som hadde kontroll over følelsane. Både nasjonale og internasjonale korps-toppar, høyrde oss under konkurransen, og meinte sigeren var fullt fortent. Les om den store hendinga i by´n.**

**Tips Vredens Gnag TLF: 57 85 44 64 Fax 57 85 0872**
E-mail: «erlingw@sf.telia.no»
Heimeside: http://home.telia.no/t.poll/

## Oddny Våge 70 år

En av korpsets støttemedlemmer, Oddny Våge, fylte 70 år den 7. mars. Hun har aldri spilt i korpset selv, men hele hennes familie i Vågsvåg har på en eller annen måte vært knyttet til korpset. Først hennes mann som spilte kornett i en årrekke, så hennes to sønner som er svært aktive og dyktige musikere. Hennes datter har vert og er en viktig brikke i støtteklubben og ved alle arrangement korpset har hatt. Så til sist, tre av hennes barnebarn som er av ypperste klasse som utøvende musikere, og mange av den kvinnelige delen av hennes familie har vært duskebærere til fanen til korpset. Oddny har vært med i Måløy Songlag i rundt 35 år, og er fremdeles aktiv der. For snart ett år siden måtte hun amputere det ene benet nedenfor kneet, men er nå begynt å gå litt igjen ved hjelp av krykker. Hun hadde stort innrykk av folk på dagen sin. Måløy Songlag var der og sang til henne, og ellers hadde familie og venner funnet veien til hennes koselige hjem på dagen hennes. Vredens Gnag vil gratulere Oddny med vel overstått 70-årsdag.

## Hvorfor kan ikke jeg?

Hvorfor kan ikke jeg finne, når elefant?

Hvorfor kan ikke jeg låse, når flaggstenger?

Hvorfor kan ikke jeg være lemen, når flaggermus?

## Hilsen fra Lillesand

Gratulerer så mykje med 1. plass i 3. divisjon NM for brassband/messingblåsarar. Eg har fretta at han Arne har gjeve frå seg taktstokken. I det høve så tenkje eg på eit tidlegare kultursenter; Vassmyra. Der var det stor aktivitet før. Torvskjæring, Truskavatnet som vi gjekk på skøyter, og som vart demma opp til trusking. Skyttarlaget (Hesten skyttarlag), mange tufter etter torvhusa o.s.b., kleberstein og gamal ferdselveg. Til saka. På Vassmyra er det ein stein. Der var det Arne sine aspirantar marsjerte rundt for å trene seg til 17.mai. Det var hensynsfullt av Arne at bygdefolket slapp den lyden som kom frå horna våre. Her greidde vi å takle ujevne vegar i Vestre krets. På den steinen bør der settast opp ei plate som opplyser dette. Vassmyra var eit viktig punkt i historia for Torskangerpollen. Så vil eg takke så mykje for Vredens Gnag. Eg kunne tenkje meg elt gruppebilete i Kavringen over dei som var med i Bergen. Eg kjenner vel nokre av dei gamle, og det vil glede utflytta folk frå Vestre krets å få sjå Dykk.

*Med meg går det godt her nede på Tellus. På aktivitetsplanen er det kyrkjekonsert med mannskor, uteøving i Randi og Jacobs hage. Blomsterbarnetog, hatteparade, Irlandstur 31/7-7/8 osb. Så har vi speling ved 50-årsdagar for medlemmer også. Koseleg. Med haud og levrhelsing fra Inge Sandvik.*



# Månedens portrett: Arne «Øvren» Øvrelid

| | |
|---|---|
| Navn: | Arne Øvrelid. |
| Født: | 17/7 - 1946. |
| Bosted: | Vågsvåg. |
| Sivilstatus: | Gift, to barn, ett |
| barnebarn | - Håkon. |
| Yrke: | Mekaniker. |
| Favorittmat: | Fersk torsk med lever. |
| Hobby: | Musikk, fluebinding, kunstbroderi. |

*Av: Ivar Torskangerpoll*

Arne , for mange kanskje best kjent som «Øvren» begynte i korpset i 1960, og startet å spille althorn, gikk så over til å slå stortromme rundt 1980. Han har også spilt i leirkorps mens han var i militære. Etter grunnskole og yrkesskole drev han først noen år som fisker. Begynte så som mekaniker hos Kåre Våge i 1972 og har vært ansatt hos Båtbygg siden 1977. Arne har hatt mange verv i korpset, både som kasserer, styremedlem og «bordforvalter» og varamann til styre. Arne drev mye idrett i sin ungdom, som fotball, ski og skøyteløp, han laget seg faktisk skoskøyter selv, ble Truskavatnets Knut Johannesen. Drev også med skihopping både i Oppedal og i Torskangerpoll og det strøk med noen hesjer som hadde overvintret. Arne har og drevet mye sportsfiske i fjellvannene her i distriktet og har mange overnattinger ved Ullkupa. Han har også som en av de få fisket ål i Vassmyra, og fikk engang en så stor ål at han bare måtte kappe snøret og komme seg der ifra i en fart. Arne har det militære marsjmerket, og burde absolutt fått det sivile også.Vi har sent inn søknad om det, og søknaden ligger nå til behandling i Norges Idrettsforbund. Vi regner med positivt svar derfra snart. En mengde lange turer har han gått, den siste bedriften var fra Breim til Sandane høgsta natt, med tildels lange og kalde tunneler. Arne er interessert i naturen og har kommet til at urbane gauper lar sauene i fred. Han har også lagt merke til at når katten nyser blir det snø. Av underlige ting.han har opplevd må nevnes at han på en tur i Nepal såg en mann komme ned fra en fjelltopp med en kontrabass på ryggen.Av gamle minner trekker han spesielt fram den grusomme tørkeperioden på 1960 -tallet. Det var så ille at fire år gammel fisk ikke kunne svømme, sier han. Den mest rystende opplevelsen i matveien han har opplevd var på en kafe i Stryn. Der fikk Arne servert raspeballer med berggylte som stuing og saftsuppe til . Fæle greier, var den tørre kommentar han hadde til det. Arne er en uhyre stolt eier av en Hengeblodbøk. Ellers er Arne en still og rolig kar som er enkel å omgås, og vi har bare godt å si om han.



# Fantastisk oppleving

**12. og 13. februar deltok Torskangerpoll Musikklag på sitt første Norgesmeisterskap i Grieghallen i Bergen. Og Torskangerpoll Musikklag vann 3. divisjon suverent og var den store overraskinga under meisterskapen for brassband som samla korps frå heile landet.**

Jublande korpsmusikantar storma scena etter premieutdelinga. NM-debutanten som få kjende namnet til før mesterskapet, hadde danka ut alle dei andre 18 korpsa i 3. divisjon. Dei to dommarane var fulle av lovord, noko den imponerande poengsummen 96 av hundre oppnåelege var eit synleg bevis for. – De har ingenting i denne divisjonen å gjere, skreiv dei.
Vi reiste frå Måløy torsdag ettermiddag med ekspressen klokka 15.55, og øvde med Eirik Gjerdevik klokka 22.00 om kvelden Ei lett øving, og mest prating. Fredag klokka 10.00 møttest vi til øving på hotellet, og fekk då vite av Johan, som var med på rekkefølgetrekninga i Grieghallen, at vi skulle spele som korps nummer fem. Dette passa oss bra, meinte dirigent Eirik Gjerdevik. Vi skulle møte til registrering og oppvarming i Grieghallen klokka 11.40. Etter ei lett øving, Lisbeth sine pusteøvingar, Terje si oppvarming og ein del prating reiste vi saman til Grieghallen. Etter formalitetane, venting og nervøs tripping, hadde vi oppvarming, før vi entra den enorme scena. Alt sat frå første tone, og dette var eit utruleg lokale å spele i. Publikum gav oss mykje applaus etter endt framføring av «Labour and Love». Ekspertane i salen storma til for å gratulere Eirik med det ukjende og velklingande korpset sitt. – Kvar har du funne dei, var spørsmålet. Lørdag klokka 22.00 var det tid for premieutdeling. Med 3.000 i salen, var det høgtideleg då ein representant frå kvart korps stod på scenen. John Inge Våge var vår representant. Tom Brevik, som leia premieutdelinga, starta på korps 19 og leste nedover. Og då to korps var igjen, og eit av dei oss, trudde vi knapt det vi opplevde. Har dei gløymt oss, spurte vi. Og då vinnaren, Torskangerpoll Musikklag, vart lest opp, sleppte jubelen laus. Resten av kvelden hagla det med gratulasjonar, og vi feira grundig. Vi avslutta med å ta Johan sitt skjegg og Terje sin bart etter at vi kom tilbake på hotellet.På Kaia i Måløy klokka 01.00  hadde mange møtt opp med flagg og jubel då vi kom til lands. På første øvinga vart vi overraska med kakefest, ordfører, masse blomstrar og rosande ord. Dirigent Eirik Gjerdevik fortener stor del av æra for den utrulege plassering. Han på si side storkosar seg saman med Torskangerpoll Musikklag, og klør etter å komme opp å jobbe vidare med korpset. Han ber Vredens Gnag helse alle kjente, og rose musikantane for flott og heilhjarta innsats. Og så eit godt råd: ikkje gløym å ha det moro. Det er noko Torskangerpoll kan. Til høgre kan du få dele litt av den fantastiske stemninga. Vi vil takke alle som helsa oss med gratuslasjonar og blomster.


Ray Farr gratulerer ein jublande Eirik Gjerdevik


Her er beviset


Stor Jubel i Grieghallen


NM-mester 1999


Så rauk skjegget til formann Johan

**Resultat 3. divisjon brass**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | Torskangerpoll M.lag | 96 |
| 2. | Haukås Musikklag | 94 |
| 3. | Skodje Ungdomskorps | 90 |
| 4. | Harøy Musikklag | 89 |
| 5. | Frei Hornmusikk | 88,5 |
| 6. | Laksevåg M.forening | 88 |
| 6. | Stavanger Kom. korps | 88 |
| 8. | Tysnes Musikklag | 87,5 |
| 9. | Jølster Musikklag | 86,5 |
| 10. | Rosendal Musikklag | 86 |
| 11. | Eikelandsfjorden M.lag | 85 |
| 11. | Skittenelv Musikkorps | 85 |
| 13. | Hasle Ungd.brassb. | 84 |
| 14. | Oltedal Musikkorps | 83 |
| 14. | Rong Musikklag | 83 |
| 16. | Kjølsdalen Musikklag | 82 |
| 17. | Nes Musikkforening | 81,5 |
| 18. | Lismarken M.forening | 81 |
| 19. | Langhus Brass | 79 |

# Heldig vinner

I en kunngjøring i en avis i Nordfjord stod det nylig: «Vinnerne av julens lotteri er hengt opp i bedehuset».

## 1. April: Narredagen

På denne dagen er det over store deler av verden skikk å narre hverandre på en godmodig måte. Allerede i det gamle Roma feiret man en narrefest. I India, hvor man også narrer sine medmennesker denne dagen, er dette betraktet som en urgammel skikk. Kan hende er festen brakt til Europa herfra. I mange land het det seg at Judas var født 1. april, og man regnet dagen som en av årets "farligste". Da hadde djevelen fritt spillerom, men også han kunne narres. I Tyskland og i Norden synes man å ha blitt fortrolig med denne skikken først ved midten av 1600-tallet, opprinnelig har det vært de voksnes privilegium å narre: Foreldre narret sine barn, håndverkerne sine læregutter, lærerne sine elever. Med tidligere tiders naive troskyldighet var det neppe vanskelig å gjøre bruk av sin "rett" denne dagen. "Aprilsnarr" er fremdeles en vel ansett skikk som merkelig nok er holdt i hevd takket være moderne kommunikasjon, først og fremst gjennom avisene,radio og fjernsynet.

# Bli med å feire Arne Torskangerpoll

Lørdag 24. april blir Arne Torskangerpoll sin dag. Då blir det stor konsert i Samfunnshallen med Måløy Musikklag og Måløy Songlag som gjestkorps og kor. Etter konserten, lørdag kveld, vil det bli fest i kafeteriaen i Samfunnshallen for aktive med følge, og andre som vil vere med å heidre korpset sin dirigent i nesten femti å. Alle som vil vere med kan melde seg på til Johan Wåge, 57854401, eller Terje Våge, 57854483, innan 10. april.

Det blir middag og dans. og festen kostar 100 kroner pr. person.



# Historien om påsken

De fleste vet vel hvorfor man feirer påsken, men vi skal ta en liten repetisjon likevel. Påsken hører til de bevegelige festdagene, og er årets viktigste i den katolske kirken. Antagelig var dette opprinnelig en vårfest, både for nomadene og for de åkerbrukende folk i Lilleasia. En sammensmelting av disse to kulturenes fester skapte den israelske påskefesten, med et måltid av usyret brød og slakting og fortæring av et lam. Det hebraiske ordet for denne festen - passab er opphavet til vår påske"  Etter hvert forandret den seg fra å være en naturfest til å bli en religiøs høytid til minne om jødenes utgang fra Egypt. Gjennom Jesu siste måltid med disiplene ble påskefeiringen overtatt av den kristne kirken, som et minne om Jesu lidelse, død og oppstandelse. Den er dermed en av de eldste kristne fester. Kirkemøtet i Nikea fastslo i år 325, etter adskillige stridigheter, at påskedag skulle legges til første søndag etter første fullmåne etter vårjevndøgn. Ved kristningen av Nord-Europa kom påskefesten til å fortrenge en gammelgermansk vårjevndøgnsfest, angivelig til ære for en fruktbarhetsgudinne ved navn Eostra. Vi har fremdeles et minne om denne hedenske feiringen, både i den tyske (ostern) og engelske (easter), betegnelse på 'påske", og i skikken med påskeegg og påskebål.

## Hvorfor har vi påskeegg?

Dette er en skikk som i Europa kjennes helt fra middelalderen - i Egypt og China skal skikken være flere tusen år gammel. De eggene som ble lagt skjærtorsdag hadde angivelig særlige egenskaper, de ble derfor omhyggelig samlet inn og brukt som påskeegg. Farging av påskeegg fant sted påskeaften. Man brukte plantefarger og fikk gule egg når man kokte dem sammen med løkskall,blårøde ble de av rødbeter, grønne av eføy og brune av kaffe. Ved å skrive på egg med et talglys før fargingen, ble skriften hvit. Det er skikk mange steder spesielt i Øst-Europa, å gi dekorerte egg i gave, som tegn på vennskap. Spisingen av de hardkokte påskeeggene foregikk i påskedagene, man skulle helst spise så mange som mulig. Egget er etter gammel oppfatning et symbol på fruktbarhet, liv og kraft. Nettopp ved påsketider settes det pussig nok i forbindelse med haren, som jo fra naturens side er et pattedyr. Å betrakte "påskeharen" som leverandør av påskeegg har i århundrer vært tradisjon i mange land, og i Tyskland heter det fremdeles at den gjemmer påskeeggene i et rede på marken. Fordi haren er bekjent for sin fruktbarhet, har den trolig av den grunn blitt et vårsymbol, som sammen med eggene forsterket ønsket om et godt og grøderikt år. Ellers blir det laget etterligninger av påskeegg i marsipan, sjokolade, metall, porselen, papp og lignende. Verdens største påskeegg ble laget i Australia og fullført 2.april 1992. Det besto av melkesjokolade og var7,1 meter høyt og veide 4760 gram.